

Det Israel og Palestina treng no

I tre månadar no har om lag 200 palestinske fangar i israelske fengsel vore i hungerstreik, i protest mot deira fengsling utan lov og dom. Den 15.mai, på Nakbadagen, drap Israels militære to palestinske ten-åringar, med kaldt blod. Dette var nokre veker før tre israelske ungdomar vart kidnappa. Måndag 30.juni vart lika av dei tre funne. Tysdag 1.juni drap IDF ein 16 år gammal gut i Jenin, og nokre settlarar prøvde å kidnappe ein 9-åring i Beit Hanina, men vart i siste liten stoppa av mora og nokre forbi-passerande. Tidleg onsdags morgen vart ein 17 år gammal palestinar kidnappa og drept av settlarar. I tillegg til dette har Israelske soldatar dei siste to vekene i ulike aksjonar drepe 10 palestinrarar, nokre av dei heilt unge, arrestert 500 og såra hundretals.

Vi sørger med alle dei berørte familiar – palestinske og israëlske. Vi fordømmer alle drap, anten dei er utførte av den israëlske hæren, av opprørske settlarar, av ekstremistiske palestinrarar eller av ukjende mistenkte. Vi held alt liv for heilagt, anten israelsk eller palestinsk - jøde såvel som muslim eller kristen.

For alle som har auge er desse drapa meiningslause, og hovudansvarleg er den høgre-orienterte israelske regjeringa. Deira politikk har vore ei total avvising av fred basert på internasjonal rett. Regjeringa nektar å dele land og akseptere ein suveren palestinsk stat på berre 22% av det historiske Palestina, som er viljug til å leve i fred som grannar av Israel. Israels regjering meiner ein kan reversere historia og skape ein etnisk-religiøs stat. Dei meiner dei kan påtvinge Palestina sin vilje fordi dei har militärmakta og teknologien som skal til. Dette vil ikkje gå. Historia sjølv er imot dette, ikkje berre palestinrarane. Verdas framtid er at multi-etniske og fleir-religiøse samfunn lever saman. Historia er for ulikskap, ikkje uniformitet. Israels høgre-orienterte regjering tek grunnleggjande feil. Ho er ansvarleg for den ulukkelege situasjonen i Israel/Palestina. Ho tek framtida frå israëlske og palestinske ungdomar med sin rasistiske og etno-sentrerte politikk, som ikkje er berekraftig.

Dei gode krefter i Israel, Palestina og i det internasjonale samfunn må setje ein stoppar for galskapen. For lenge sidan siterte Jesus Salme 37,11: «Dei audmjuke skal arva landet». Dei audmjuke er innbyggjarane i landet, israëlarar og palestinrarar; dei er ikkje denne verdas arrogante eksklusivistar. Eksklusivistane vil forsvinne og nye leiarar vil stå fram, ein israëlsk Abraham Lincoln, eller ein israëlsk De Clerk, som vil leie Israel mot ein fred basert på deling av land, der kvart menneske – kvinne og mann, israëlar og palestinar – vil leve som likeverdige borgarar, i gjensidig respekt.

Vi ber våre palestinske søstre og brør om framleis å stå imot all urett med ikkje-valdelege midlar; våre religiøse leiarar, muslim eller kristen, å heve si

profetiske røyst mot urett og undertrykking; og dei palestinske styremakter om trutt å halde fram sitt arbeid for ei samlings-regjering.

Om den israëlske regjeringa ynskjer fred, må ho forandrist. Ho må ha tru på fred basert på rettferd og likeverd. Slik tida er no, treng israëlske leiarar mot og vilje til fylgjande:

1. Erkjenne at vald avlar vald, og at desperasjon fører til desperate handlingar; staten må stanse spiralen av vald og hemn.
2. Fjerne rota til konflikten: rasistiske lover, militær okkupasjon, illegale busetnader.
3. Stanse alle former for kollektiv straff, tilfeldige drap og utanom-rettslege likvideringar; lov og rett må gjelde; det er urettferdig å late uskuldige menneske lide for handlingane til nokre få mistenkte.
4. Arbeide saman med FN og palestinske styresmakter for å fremje ein fred basert på internasjonal rett, som sikrar tryggleiken både til israélarar og palestinatarar.

Vi beklagar passiviteten frå verdas leiarar andsynes den vedvarande okkupasjonen av Palestina. Ein må erkjenne at løysinga av konflikten krev intervensjon utanfrå. Verdas nasjonar var medverkande til å skape konflikten, og må kjenne sitt ansvar for ei varig løysing.

I ei tid som denne gjeld profetens ord:

«*Han har kunngjort for deg, menneske, kva godt er - - at du gjer rett, viser trufast kjærleik og vandrar audmjukt med din Gud»* Mika 6,8

Rev dr Naim Ateek

Sabeel Ecumenical Liberation Theology Center

4.juli 2014